



MØTEBOK

Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 2020 - 2040

| Utval sak | Utval | Møtedato |
|-----------|---------------|------------|
| 3/19 | Formannskapet | 06.02.2019 |

Vedlegg:

«Planprogram – kommuneplanen sin samfunnsdel 2020 - 2040»

Bakgrunn:

I kommunestyret 19.desember 2018 vart det gjort slik vedtak:

«Kommunestyret i Fitjar kommune vedtek revidering av «Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020- 2040 for Fitjar kommune.» heimla i Plan- og bygningsloven §11 -12 Kommunestyret vedtek oppstart av «Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2040 for Fitjar kommune» Jfr Plan- og bygningsloven §4-1.»

Formålet med planarbeidet er å sikre ei mest mogleg heilskapleg planlegging og styring av kommunen sine ansvarsområde, og å utvikla felles strategiar for utvikling av Fitjarsamfunnet. Til det trenger me ein moderne, oppdatert og anvendeleg kommuneplan.

Plan- og bygningslova § 11 har krav til arbeidet med kommuneplanen:

§ 11 – 1 Kommuneplan

Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel.

Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn.

Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder.

(..)

§ 11 – 2 Kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.

Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private.

(..)

Før arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel kan komme i gang må grunnlaget for arbeidet vere nedfelt i eit planprogram.

§ 4 – 1 Planprogram

For alle regionale planer og kommuneplaner, og for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeides et planprogram som grunnlag for planarbeidet. Kongen kan ved forskrift gjøre unntak fra kravet om planprogram for reguleringsplaner.

Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn normalt samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten.

Dersom berørte regionale og statlige myndigheter på grunnlag av forslag til planprogram vurderer at planen kan komme i konflikt med nasjonale eller viktige regionale hensyn, skal dette framgå av uttalelsen til forslaget til planprogram.

Dersom planen kan få vesentlige miljøvirkninger i en annen stat, skal planmyndigheten sende forslag til program for planarbeidet til berørte myndigheter i denne staten til uttalelse.

Planprogrammet for kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) er ei «oppskrift» for korleis me har tenkt å lage kommuneplanen. Planprogrammet skal omfatte følgjande hovudpunkt:

- Formål med planarbeidet
- Behov for utgreiingar
- Planprosess med fristar og deltakarar
- Opplegg for medverknad

Om styringa av planprosessen

Formannskapet er styringsgruppe for arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel. Etter drøfting med hovudtillitsvalde vil dei verta involvert i prosessen gjennom etablerte kvartalsvise kontaktmøte med rådmannen.

Det er sett saman ei tverrfagleg arbeidsgruppe i administrasjonen.

- Landbruk: Geir Røssland og Kari Rydland
- Helse / sosial: Anne Økland
- Oppvekst: Mone Nilsen
- Plan og bygg: Solveig Alvsaker
- Kundetorg: Marianne Ytrearne
- Rådmannen Olaug Haugen
- Ordførar Wenche Tislevoll

Rådmannen leiar arbeidsgruppa og prosessen med utarbeiding av planprogram og kommunedelplanen sin samfunnsdel.

Vurdering:

Nasjonale forventningar for kommunalt planarbeid er nedfelt i *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging* (2015) legg følgjande føringar for planarbeid i kommunane:

- **Gode og effektive planprosessar**
 - Enklare regelverk og betre samarbeid
 - Målretta planlegging
 - Auka bruk av IKT i planlegginga
- **Berekraftig areal- og samfunnsutvikling**
 - Eit klimavennleg og sikkert samfunn
 - Aktiv forvaltning av natur- og kulturminneverdiar
 - Framtidsretta næringsutvikling, innovasjon og kompetanse
- **Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde**
 - Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
 - Eit framtidsretta og miljøvennleg miljøsystem
 - Levande by- og tettstadssenter
 - Helse og trivsel

Utarbeiding av ein samfunnsdel til kommuneplanen er viktig for å peike ut ei retning og ein strategi, for å kunne arbeide meir målretta med sentrale samfunnsforhold som folkehelse, barn og unge, integrering, næringspolitikk, busetting m.v.

Samfunnsdelen sin funksjon skal vere å leggje grunnlag for konkrete prioriteringar, og bidra til betre heilskapsløysingar og meir forutsigbare rammevilkår både for sektoranes verksemd og for befolkninga. Ei revidering av samfunnsdelen no vil gje eit godt grunnlag for prioriteringar i arbeidet med revidering av kommuneplanen sin arealdel, som er gjeldande frå 2011 – 2022. Kommuneplanen sin arealdel vil ikkje verta revidert samstundes med samfunnsdelen.

Hovudtema

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal utvikla nokre overordna tema ein jobbar med som skal gje retning for utvikling av Fitjar kommune og Fitjarsamfunnet dei neste 20 åra. Desse tema skal sjåast i samanheng med dei nasjonale føringane som nemnt over.

I forslaget til planprogram har ein peika på følgjande aktuelle hovudtema for kommuneplanen sin samfunnsdel:

- Fitjar i berekraftig vekst
- Bulyst
- Levande sentrum
- Den grøne kommunen
- Smarte kommunale tenester
- Mangfald
- Sterke saman

Desse er utarbeidd med tanke på ein del av dei utfordringane ein står framfor som samfunnsutviklar, særleg gjennom dei neste 20 åra:

- Internasjonale pliktar
 - Lågutsleppssamfunn
 - Parisavtalen
 - FN sine berekraftsmål
- Utfordringar med eldrebølgja
 - Aldersgruppa 67 år og eldre, vil meir enn dobla seg på ti år
 - Rekruttering
 - Arbeidsmetodar i tenestene
 - Digitalisering
 - Prioritering innan kommuneøkonomi
- Eventuell realisering av Hordfast
 - Regionale integrasjonen rundt Bergen
 - Konsekvensar for bu- og arbeidsmarknaden

Medverknad

Medverknad er ein sentral del av ein slik prosess og er lovfesta i Plan- og bygningslova § 5 – 1.

«Enhver som fremmer planforslag, skal legge til rette for medvirkning. Kommunen skal påse at dette er oppfylt i planprosesser som utføres av andre offentlige organer eller private.

Kommunen har et særlig ansvar for å sikre aktiv medvirkning fra grupper som krever spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge. Grupper og interesser som ikke er i stand til å delta direkte skal sikres muligheter for medvirkning på andre måter.»

Fitjar kommune legg opp til at høyringsprosessen i planprogrammet er ein aktiv medverknadsprosess, og vil leggja til rette for innbyggjardialog gjennom folkemøte, møte med dei politiske utvala, og eit innbyggjarpanel der både organisasjons- og næringslivet er representert.

Fitjar kommune vil m.a. nytta :

- Innbyggjarpanel med deltakarar frå blant anna grendene, næringsliv, brukarorganisasjonar, barn og unge.
- Folkemøte
- Oppsøkjande medverknadsprosessar på lokale møtepunkt i kommunen

Slik sett er planprogrammet ope for endringar. Det er til slutt kommunestyret som gjer endeleg vedtak i april 2019.

Vi legg opp til ein endå meir omfattande medverknadsprosess i utviklinga av sjølve kommuneplanen i perioden mai – september 2019. Prosessen er skildra i forslaget til planprogram s. 13 – 14.

Fitjar kommune vil presentere planprogram mm i regionalt planforum 28.05.19. Det var ikkje mogeleg å få ein avtale tidlegare i første halvår.

Framdrift

Framdriftsplanen for arbeidet med planprogrammet og kommuneplanen sin samfunnsdel

| | |
|-----|-------------------------------|
| PP | Plannrogram for KPS |
| KPS | Kommuneplanen sin samfunnsdel |
| DS | Planstrategi |
| M | Medverknadsprosess |
| H | Høyring |
| * | Endeleg vedtak |

| H2018 | 1.Q 2019 | 2.Q 2019 | 3.Q 2019 | 4.Q 2019 | V2020 |
|-------|----------|----------|----------|----------|-------|
| KPS | PP | PP* | | | |
| PP | | KPS | KPS | KPS | KPS* |
| PS* | M | M | M | | |
| | H | | | H | H |

Interkommunalt samarbeid

Parallelt med Fitjar kommune sitt arbeid med kommuneplanen, jobbar våre nabokommunar med det same. Vi har inngått eit samarbeid med Bømlo og Stord kommune i utviklinga av kommuneplanane, slik at tre nabokommunar kan utvikla ein del felles strategiar for framtida. Desse tre kommunane er den mest integrerte bu- og arbeidsmarknaden i Sunnhordland, og det betyr at det vi er gjensidig avhengige av kvarandre og delar til dels ein felles næringsstruktur- og kystkultur, arbeidsmarknad og handel. Gjennom samarbeid om kommuneplanane kan vi læra av kvarandre, løfte fram felles satsingar og bidra til kvarandre sin suksess.

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tilrår forslaget til Planprogram for Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2040 og legg dette ut på offentleg høyring i tråd med PBL § 4-1

Med utgangspunkt i kommunestyrets vedtak i PS 59/18, og med heimel i PBL § 11 varslar Fitjar kommune oppstart av utarbeiding av Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPA)

Høyringsfrist for Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2040 er 22.03.19.

Behandling i Formannskapet - 06.02.2019:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om innhaldet i framlegget til planprogrammet. Rådmann Olaug Haugen orienterte om arbeidet i planprosessen framover. Det er eit mål å få brei medverknad blant innbyggjarane, det er viktig å vera treffsikre på overordna tema.

Formannskapet drøfta saka.

Vedtak: (Samrøystes)

Formannskapet tilrår forslaget til Planprogram for Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2040 og legg dette ut på offentleg høyring i tråd med PBL § 4-1

Med utgangspunkt i kommunestyrets vedtak i PS 59/18, og med heimel i PBL § 11 varslar Fitjar kommune oppstart av utarbeiding av Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS)

Høyringsfrist for Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2040 er 22.03.19.

Olaug Haugen
Rådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.